

Oppdragsgjevar: **Nils Eirik Moen**

Oppdragsnr.: **52100774** Dokumentnr.: **001**

Til: Årdal kommune

Frå: Cornelis Erstad

Dato 2021-01-26

► **KU-vurdering Detaljreguleringsplan for masseuttak Biskopen**

Innleiing

I samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar av juni 2017, § 4 skal framleggsstillar til ein reguleringsplan sjølv vurdere om planen fell innanfor forskrifta sitt saklege verkeområde, omtalt i §§ 6, 7 og 8 i forskrifta. På bakgrunn av opplysningane gjeve av framleggsstillar skal ansvarleg mynde (Årdal kommune) ta stilling til om planarbeidet fell innanfor verkeområdet til forskrifta. Konklusjonen til ansvarleg mynde skal grunngjevast.

Framleggsstillar for dette planarbeidet er Nils Eirik Moen. Vurderinga er utarbeidd av Norconsult AS for framleggsstillar.

Planområdet og tiltaka planen skal leggje til rette for

Føremålet med planarbeidet er å få frigjeve og teke ut massar i det eksisterande massedeponiet ved Biskopsvatnet, del av g/bnr. 10/1, langs Fv. 53. Hydro Energi har råderetten over massane i dag og har avklart at eit uttak ikkje føreset konsesjon/driftsplan. Det er føresett av kommunen og Hydro Energi at uttak av massar skal vere øymerkt samfunnsnyttige føremål. Årdal kommune har vidare lagt til grunn at eit slikt uttak og tilkomst må regulerast, samt at det bør utarbeidast ein enkel uttaks- og istandsettingsplan. Kommunen vil parallelt arbeide med å få sett av areal for uttak av massane i arealdel til kommuneplanen.

Masseuttaket vil skje innanfor ei samla areal på tilnærma 4 daa. Det er stipulert eit uttak på kring 20 000 m³ fordelt på tre felt frå vest mot aust. Det første feltet er på tilnærma 50 x 20 m med ei djupne på 4 m. Det andre feltet er tilsvarende stort og djupt. Det tredje og austlegaste feltet er på tilnærma 100 x 20 m med ei djupne på 6 m. Tilkomst til vestre del av deponiet er allereie etablert, men denne må forlengjast for å nå dei aktuelle felta.

Når uttaket er gjennomført vil utforming for større delar av deponiområdet vere tilnærma slik det var før deponiet vart etablert. Planframlegget legg berre til rette for uttak av allereie deponerte massar, ikkje fast fjell.

Tilhøve til planar

I arealdel til kommuneplanen er det aktuelle arealet avsett til LNF-område for spreidd utbygging av fritidsbygg der eksisterande bygg kan utvidast. Området er ikkje regulert per i dag. Kommunen er i gang med ny arealdel til kommuneplanen, der ein tek sikte på å sette av arealet til uttak av massar.

Tilhøvet til Minerallova

Jamfør § 3 andre ledd i Minerallova vert det definert som mineraluttak når det er krav om konsesjon:

«Loven gjelder ethvert uttak av mineralske forekomster. Loven gjelder likevel ikke uttak som hovedsakelig er en del av annen utnyttelse av grunnen.»

Oppdragsgiver: Nils Eirik Moen
Oppdragsnr.: 52100774 Dokumentnr. 001

Vidare vert det i rettleiinga til lovverket, pkt. 2.1.2, utdjupa at der formålet ikkje er å nyttiggjere seg mineralet økonomisk, men vert gjennomført for å realisere eit anna formål, vil det i utgangspunktet ikkje verte omfatta av minerallova. Til dømes vil slike formål vere knytt til oppføring av bustadar eller næringsbygg eller for å anleggje infrastruktur som vegtraséar, kaianlegg og tilsvarande.

I dette planarbeidet vert det difor lagt til grunn at ein ikkje gjennomfører eit masseuttak som definert i minerallova, men nyttiggjer seg allereie uttekne massar til samfunnsnyttige formål.

Planframlegget og verkeområde til forskrifta om KU

Forskrifta om konsekvensutgreiingar skil mellom planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast (§ 6), og planar og tiltak som skal vurderast nærmare (§ 8). Tiltak etter § 6 skal alltid utgreiast. Det er i tillegg krav om planprogram. Tiltak etter § 8 skal konsekvensutgreiast dersom planen eller tiltak som planen legg til rette for kjem i konflikt med eit eller fleire av kriteria i § 10 i forskrifta. Det er ikkje krav om planprogram for planar som fell innanfor verkeområdet til § 10 i forskrifta om konsekvensutgreiingar.

Vedlegg I femnar om både nye tiltak og utviding av eksisterande. I samsvar med vedlegg I, punkt 30 skal utviding eller endring som nemnt i vedlegg I handsamast etter føresegnene i forskrifta, dersom utvidinga eller endringa i seg sjølv overstig kriteriet i vedlegget. Av punkt 19 i vedlegg I går det fram at reguleringsplanar som legg til rette for uttak av malmar, mineral, stein, grus, sand, leire eller andre massar dersom minst 200 dekar samla overflate vert råka eller samla uttak omfattar meir enn 2 millionar m³ masse, vert fanga opp av verkeområdet. Reguleringsplanen legg ikkje opp til masseuttak i så stort omfang, og planarbeidet fell difor ikkje innanfor verkeområdet til § 6 i forskrifta.

Vedlegg II femnar om både nye tiltak og utviding av eksisterande. I samsvar med vedlegg II, punkt 13 skal utviding eller endring som nemnt i vedlegg II handsamast etter føresegnene i forskrifta, dersom utvidinga eller endringa i seg sjølv kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn. Av punkt 2 a) i vedlegg II går det fram at mineraluttak skal vurderast. Planframlegget legg ikkje opp til mineraluttak som definert i minerallova, det er difor vurdert at dette punktet ikkje gjer seg gjeldande.

Av punkt 11 k) i vedlegg II går det fram at deponi for masse på land og i sjø større enn 50 daa eller 50 000 m³ masse skal vurderast. Planframlegget legg ikkje til rette for nytt deponi, og uttaket frå eksisterande deponi vil heller ikkje vere av eit slikt omfang som forskrifta legg til grunn. Samla er det difor vurdert at planarbeidet heller ikkje fell innanfor verkeområdet til § 8 i forskrifta.

Konklusjon

Uttak av tilnærma 20 000 m³ massar frå eksisterande deponi ved Biskopsvatnet fell ikkje innanfor verkeområdet til forskrifta.

Vår samla vurdering vert ut frå ovannemnde at planframlegget ikkje vil leie til at dei særskilde utgreiings- og handsamingsreglane for konsekvensutgreiingar gjer seg gjeldande.

Det utelukkar ikkje at Årdal kommune eller andre mynde kan stille bestemte krav til forslagsstillar om utgreiing osv. for å få saka tilstrekkeleg opplyst før den vert lagt fram til handsaming.

A01	2021-01-26	For intern bruk	CorErs	AnMGJ	CorErs
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Ophavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.